



DEN NORSKE KYRKJA

Ålhus sokneråd

Møtebok

Styre, råd og utval Ålhus sokneråd	Møtestad Vassenden kyrkjesenter	Møtedato 01.02.2024
Arkiv nr.	Møtestart 17.30	Møteslutt 19.50

Til stades på møtet:

Magne Kristian Kvinge, Bernt Kjøsnes, Ingvill Marie Støfringstøl, Solveig Magnhild Stenslid Lesto, Ingeborg Bråttvik Slåtten, Silje Sørebo, Annette Svidal Slåtten, Inger Johanne Klakegg.

Saker 1-11/24

Utskrifter:

Faste- og vara medlemmar (jf lister).

Opning v/Annette Svidal Slåtten.

Sak: 1/24

Godkjenning av innkalling

Framlegg til vedtak: innkallinga godkjent utan merknad

Vedtak: Innkallinga godkjent utan merknad

Sak 02/24

Godkjenning av referat 17.10.23

Framlegg til vedtak: referatet godkjend

Vedtak: Referat godkjent utan merknad

Sak 03/24

Årsmelding 2023

Les grundig meldinga og tenk over om det er noko som er gløymt!

Vedtak: Årsmeldinga vert godkjend med desse endringane:

Side 2, nederst: «Sverre Gjesdal» endrast frå raud til svart skrift og spørsmålsteiknet vert teke bort.

Side 9: Fredrik Bråttvik Slåtten, stryk Slåtten

Legg til: Vi har generelt god oppslutnad om trusoppplæringstiltaka, men vi ser at tiltak som er felles for heile Jølster har lavare oppmøte prosentvis.

Side 10: Utval

Ta bort (perioden for dette....) Sett inn: Nytt for perioden 2024/2027 Ingeborg Bråttvik Slåtten, Gry Ingjerd Øksendal, Rune Molvik, Gerd Sunde og Silje Sørebo.

Side 11: Hyrdingrøysta: Sett inn Helgheim sitt

Side 14: Sluttord: Annette Svidal Slåtten får fullmakt til å utforme sluttord.

- Sak 04/24 Dato for årsmøte**
Framlegg til vedtak: Ålhus kyrkje, etter gudsteneste 17.3
Vedtak: Dato for årsmøte vert 17.03.24
- Sak 05/24 Festivalgudsteneste i samband med KFUK-KFUM sitt vintertreff for ungdom, Vassenden kyrkjesenter 04.februar.** Hjelp frå soknerådet eller andre til å organisere kaker og kaffi
Vedtak: 3 konfirmantar tar med kaffimat, Inger Johanne Klakegg og Ingeborg Bråttvik Slåtten baker kake og Annette Svidal Slåtten tar med fruktfat
- Sak 06/24 Val av kyrkjelydens representant til styret i foreininga Vassenden kyrkjesenter i perioden 2024-2027.**
Sverre Gjesdal er på val, og har sagt ja til attval.
Vara: Einar Hansen
- Sak 07/24 Juletreffesten 2023, sjå vedlagt referat**
Fiskestengene ligg på loftet på kyrkjesenteret.
Det kom inn vel 2.000,- og vi satser på gratis fest neste år også.
- Sak 08/24 Vårprogram**
Har du innspel til arrangement i regi at kyrkjelyden denne våren eller til innhald på gudstenester
Forslag:
Kan ein få klassar til å delta med rollespel, for eks i høve påska ?
Kan yogagudsteneste vere noko ? Ingvill Marie Støfringstøl snakker med Alice Mo Sandøy.
Samtalegudsteneste med innspel frå kyrkjelyden i staden for preike.
29. august får vi besøk av Anne Kristin Osmundtveit som vil fortelje i Ålhus kyrkje og så avsluttar vi med song og kveldsmat i prestegarden.
- Sak 09/24 Frivillige utan for soknerådet, til å hjelpe til med kyrkjekaffi, kakelaging, sjåfør, mm. Nokre gonger treng vi fleire hjelpande hender. Kan soknerådet klare å skaffe 1.person kvar til å stå på ei ringeliste?**
Vedtak: Alle medlemene prøver å finne eit namn kvar til neste møte.
Kanskje vi kan setje opp namn og tlf.nr på nokon som kan tilby kyrkjeskys. Magne Kristian Kvinge har sagt seg villig til stå på ei slik liste, men vi treng fleire namn.
- Sak 10/24 Meldingar, informasjon**
- Kyrkjelydstur, fremje forslag til neste møte
- Forslag og idear på møtet:
- Offerdal Stavkyrkje
- Den engelske kyrkja i Balestrand
- Ervik kyrkje og kaffi på Lesto

Steinkyrkja på Kvamsøy.

Saka blir tatt opp igjen på neste møte

- Vårdugnad på kyrkjegardane, og i Ålhus kyrkje.

Ålhus kyrkje treng reingjering før konfirmasjonen. Annette Svidal Slåtten finn ut kva som må gjerast.

- Kirkens Nødhjelps fasteaksjon, 19.mars kl.17:00

Annette Svidal Slåtten sender sms til Alice Nesje som er kontaktperson for Kirkens Nødhejlp

Sak 11/24 Saker som kjem til

Det må gjerast noko vedlikehaldsarbeid på klokkene i Ålhus kyrkje.

Det må gjerast noko med lyssettinga i kyrkjerommet i Ålhus kyrkje.

I sakrestiet bør det skiftast eit vindauge for der er det alt for kaldt.

Bernt Kjøsnes tar desse sakene med til Fellesrådet.

Utelys (pære) må skiftast ved Ålhus kyrkje. Annette Svidal Slåtten snakkar med Helge Årdal.

Vanskeleg å sjå teksten når det blir brukt projektor på kyrkjesenteret. Går det an å få heva den lenger opp på veggen.

Mulig å få teksten på to stader i kyrkjerommet ? Ei sak for foreininga ved kyrkjesenteret ?



01.02.24 Inger Johanne Klakegg

Referent